



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57 65 51 37
E-post: ghe@fmsf.no

Vår dato
31.03.2011
Dykkar dato
16.02.2011

Vår referanse
2009/5021 - 542.1
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet
postmottak@fkf.dep.no

Brevet vert berre sendt på e-post.

Høyring - forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ikkje vidare synspunkt på korleis biomassetaket og reduksjon av tildelt biomasse teknisk skal gjennomførast i Hardangerfjordområdet. Vi vil likevel peike på at den føreslegne reguleringa av oppdrettsproduksjonen i Hardanger også kan påverke oppdrettsproduksjonen og presset på vill anadrom fisk i Sogn og Fjordane.

Det står ikkje noko i høyringsdokumenta om nøyaktig kor stor biomasse som er aktuell for å bli nytta "på klarerte lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområda for forskrifta". Det nærmaste er "ca 20 000 tonn MTB" som er differansen mellom det føreslegne biomassetaket og totalt tildelt produksjonskapasitet i området. Dette er ein monaleg stor biomasse, som venteleg skal fordelast på resten av regionen.

Det er ikkje lagt føringar for omdisponeringa av denne produksjonen til andre område i region Vest. Vi meiner at høyringsdokumenta ut frå reglane i naturmangfaldlova også burde ha vurdert kva for konsekvensar det kan gje å auke opp produksjonen i resten av Hordaland og Sogn og Fjordane med "ca 20 000 tonn MTB". Overskots-MTB frå Hardanger kan slik forslaget ligg føre, inngå i samdrifter utanfor området, og slik nyttast fritt innanfor godkjent lokalitetsbiomasse kor som helst i region Vest.

Etter vår meining bør flyttinga av denne produksjonen ikkje skje til område som allereie er under press. Vi tenker då spesielt på at ytre fjordområde i fjordar som er nasjonale laksefjordar burde skjermast, fordi fortetting og auke av produksjonen kan vere til ytterlegare skade for villaks og sjøaure. I Sogn og Fjordane gjeld dette Sognefjorden, Dalsfjorden, Førdefjorden og Nordfjord.

Vi ber difor om at forskriftsforslaget tek inn omsynet til at omdisponering av nedskalert MTB i Hardanger må skje på ein berekraftig måte, som ikkje forflyttar problema til eit nytt område.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Gunn Helen Henne
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi på e-post:
Klima- og forurensningsdirektoratet
Direktoratet for naturforvaltning

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj